



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 08.11.2018

Møtestad: Austrheim samfunnshus

Møtetid: 18:00 - 21:30

Møtet var lukka under deler av handsaming av sak 082/18.

Svein Helge Hofslundsengen var setterådmann under handsaminga av sak 082/18.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordførar
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Merethe Rikstad Tresvik	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Trude Sleire	AP	Medlem
Tore Austrheim	AP	Medlem
Jorund Stellberg	UAH	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Morten Sognnes	H	Medlem
Viggo Leirvåg	H	Medlem
Randi Dyrøy	KRF	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem
Liv Ulvøy	UAH	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Asbjørn Brandtun	AP
Siri Kaland	AP

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Ivar Bergsvik	AP	Varamedlem
Oddmund Vikene	AP	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Osen, Ketil Tjore, Liv Løvvik, Olav Birger Andersen, Olav Mongstad, Svein Helge Hofslundsengen

Dato: 12.11.2018

Per Lerøy
ordførar

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
078/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
079/18	Godkjenning av møteprotokoll
080/18	Meldingar
081/18	Orienteringssak
082/18	Oppfølging av kommunestyresak 55 & 71/18 - forhandlingsresultat
083/18	Tertiarrapport II, 2018
084/18	Budsjettjustering II, 2018
085/18	Godkjenning av detaljregulering for næringsområde og småbåthamn på Langøyna - del av gnr. 163, planid. 2017005
086/18	Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste med gebrysatsar for 2019 - Godkjenning

078/18: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

08.11.2018 KOMMUNESTYRET

Det vart etterlyst kvar ein finn innkallingar og protokollar frå 2018 før møtet 18. oktober.
Ordførar Per Lerøy ba om at dette vert sett på av administrasjonen.

Alle innkallingar og protokollar er tilgjengelege på nettsida til kommunen, på
<http://www.austrheim.kommune.no/utvalmoeter.328799.nn.html>

Dette vert lagt inn som lenke på heimesida, same plass som ein finn siste innkallingar og protokollar.

Ingen andre merknader til innkalling og saksliste.

KS - 078/18 - 08.11.2018 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent. (Samrøystes)

079/18: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

08.11.2018 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

KS - 079/18 - 08.11.2018 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent. (Samrøystes)

080/18: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

08.11.2018 KOMMUNESTYRET

Representanten Jorund Stellberg (uavhengig) takka for at dette med personvernforordninga/GDPR (General Data Protection Regulation) vart teke opp som meldingar til kommunestyret. Stellberg hadde tre spørsmål til administrasjonen:

- Kva rutinar har Austrheim kommune for lagring og sletting?
- Kva rutinar har Austrheim kommune for utgreiing av personvern?
- Er det logg for kven som har sett kva opplysningar når?

Rådmann Jan Olav Osen svara for administrasjonen at Stein Kåre Løvslett er tildelt oppgåva som personvernombod i Austrheim, og la til at både "Personvernerklæring for elektroniske skjema" og "Personvernerklæring – Austrheim kommune som forvaltingsorgan" er tilgjengeleg på nettsida til kommunen.

Jorund Stellberg leverte sine tre spørsmål for svar på neste møte.

KS - 080/18 - 08.11.2018 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering. (Samrøystes)

081/18: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

08.11.2018 KOMMUNESTYRET

I møtet i kommunestyret den 13.09.18 vart det ynskje om at det vert orientert om fylgjande i møte den 08.11.18:

- Bruk og omsetjing av narkotika og andre ulovlege rusmiddel i Austrheim. FAU på Kaland barne- og ungdomsskule er uroa over utviklinga og ber om at politikontakten orienterer kommunestyret om status.

Lensmann Kjell Idar Vangberg er invitert til møte for å orientere om status på ungdomsmiljøet i

Austrheim.

Framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

KS - 081/18 - 08.11.2018 - Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande. (Samrøystes)

082/18: Oppfølging av kommunestyresak 55 & 71/18 - forhandlingsresultat

Rådmannen sitt framlegg:

Framforhandla avtale vert godkjent slik den ligg føre, og utbetalt i 2018.

08.11.2018 KOMMUNESTYRET

Svein Helge Hofslundsengen var inne som setterådmann i denne saka.

Hofslundsengen innleia med at det har vore vurdert om dette skulle vera ei open eller ei lukka sak, der ein har konkludert med å ta dette som ei open sak. Men om det kjem detaljerte spørsmål kring dette er det naturleg å lukka møtet.

Hofslundsengen orienterte om at det har vore fire forhandlingsmøte mellom partane. Det låg ikkje føre noko krav frå motparten (Blindheim/Søreide) i starten, men det kom etter kvart eit krav på 15,7 millionar. Det var forhandlingar der ein først på slutten klarte å komma fram til eit forlik, der kommunen skal betala 900.000 kroner. Det er gjort ei totalvurdering av om det kunne skje at det vart ei rettssak av dette, og vurderinga er at det ville ha lamma administrasjonen om ein skulle lagt fram all dokumentasjon. Hofslundsengen sa at kommunen har strekt seg veldig langt, men risikoen var at det kunne komma ei sak som ville krevja mykje meir. Summen var nok eit minimum av kva motparten kunne akseptera. Så får det vera opp til kommunestyret om ein godkjener dette.

Ordførar Per Lerøy (Ap) utgjorde forhandlingsdelegasjonen saman med Hofslundsengen. Lerøy åtvara om at i slike saker vil retten sjå kommunen som den sterke part og idømma sakkostnader, slik at ein uansett ville fått kostnader pluss det interne med kostnader juridisk og eigen innsats. Lerøy sa at dette var eit forlik kommunen kunne landa på under føresetnad av at Søreide/Blindheim fråfaller retten til å stilla nye krav mot kommunen eller mot enkeltpersonar, anten det er i kommunestyret eller i kontrollutvalet. Motparten har nok hatt nokre relevante kostnader og tap, utan at ein heilt kan sei om summen er den korrekte. I forhandlingane starta ein på null og var innstilte på å beklaga og seja unnskyld, men i 12. time enda ein opp med dette forliket. Lerøy sa at ein ikkje er glad for summen i den økonomiske situasjonen som Austrheim er i, men må vega dette opp mot dei moglege alternative kostnadene, sjølv om ein skulle vinna ei eventuell sak i retten.

Rådmann Liv Løvvik har vore bisittar i dei siste forhandlingsmøta. Løvvik sa at etter at politimeldinga var lagt vekk som «intet straffbart forhold», hadde kommunen ein dårlig forhandlingsposisjon. Den andre parten stod heilt fram til det siste på at det var mogleg med rettssak, og det ville krevd eit omfattande arbeid for kommunen med å henta fram dokumentasjon. For Austrheim kommune ville dei juridiske kostnadene vore ei belasting, samt alle dei tilsette som måtta stilla i denne prosessen, og det ville raskt gitt 5-700.000 kroner i kostnader. Løvvik sa at ho håpte at denne avtalen er noko kommunestyret kan godkjenna.

Reidar Øksnes (Sp) sa at han ville seia noko i saka som kunne gje grunnlag for utsetting, men at han

ønskte at møtet vart lukka før han gav desse argumenta.

Vidare handsaming av saka vart utsett til etter dei andre sakene, for lukking av møtet.

Møtet vart så lukka frå klokka 20.25, med Svein Helge Hofslundsengen som setterådmann.

Assisterande rådmann Olav Mongstad, rådmann Jan Olav Osen, og økonomisjef Olav Birger Andersen forlet møtet (det var ingen tilhøyrarar til stades).

LUKKA MØTE:

Reidar Øksnes sette fram framlegg om utsetting.

Dette fall med 7 mot 10 røyster.

Mindretallet på 7 var sett saman av Sp (1), Høgre (3), Venstre (1), og dei to uavhengige Jorund Stellberg og Liv Ulvøy.

Fleirtalet på 10 var sett saman av Ap (8) og KrF (2).

Det var to framlegg til vedtak i saka.

Eitt framlegg frå Ap og KrF:

Framlegg til vedtak i sak 082/18:

Austrheim kommune betalar kr 900.000,- til Odd Arne Blindheim og Carsten Søreide i tråd med framforhandla avtale. Odd Arne Blindheim og Carsten Søreide legg på si side bort alle krav og fordringar retta mot Austrheim kommune eller enkeltpersonar som har representert Austrheim kommune i den såkalla «Breidvik-saka». Partane kan heller ikkje i framtida setja fram krav mot kvarandre i denne saka. Dette vedtaket skal følgjast opp med ein ny, juridisk bindande avtale som skal signerast av ordførar, rådmann, Odd Arne Blindheim og Carsten Søreide før erstatningsutbetalinga finn stad.

Eitt framlegg frå Jorund Stellberg (uavhengig):

Framlegg til vedtak i KS sak 082/18 :

Framforhandla avtale datert 31.10.18, vert ikkje godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart ikkje fremja i kommunestyret. Dei to andre vedtaksframlegga vart sett opp mot kvarandre, og framlegget frå Ap og KrF vart vedteke med 10 mot 7 røyster:

Fleirtalet på 10 var sett saman av Ap (8) og KrF (2).

Mindretallet på 7 var sett saman av Sp (1), Høgre (3), Venstre (1), og dei to uavhengige Jorund Stellberg og Liv Ulvøy.

KS - 082/18 - 08.11.2018 - Vedtak:

Austrheim kommune betalar kr 900.000,- til Odd Arne Blindheim og Carsten Søreide i tråd med framforhandla avtale. Odd Arne Blindheim og Carsten Søreide legg på si side bort alle krav og fordringar retta mot Austrheim kommune eller enkeltpersonar som har representert Austrheim kommune i den såkalla «Breidvik-saka». Partane kan heller ikkje i framtida setja fram krav mot kvarandre i denne saka. Dette vedtaket skal følgjast opp med ein ny, juridisk bindande avtale som skal signerast av ordførar, rådmann, Odd Arne Blindheim og Carsten Søreide før erstatningsutbetalinga finn stad.

Vedteke med 10 røyster (Ap 8 og KrF 2) mot 7 røyster Sp (1), Høgre (3), Venstre (1), og dei to uavhengige Jorund Stellberg og Liv Ulvøy.

083/18: Tertiarrapport II, 2018

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet tar tertialrapport II til vitande.

25.10.2018 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 076/18 - 25.10.2018 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre tar tertialrapport II til vitande.

08.11.2018 KOMMUNESTYRET

Økonomisjef Olav Birger Andersen orienterte om tertialrapporten.

KS - 083/18 - 08.11.2018 - Vedtak:

Formannskapet tar tertialrapport II til vitande. (Samrøystes)

084/18: Budsjettjustering II, 2018

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret gjer fylgjande endring i budsjett 2018 i budsjettjustering II.

Budsjettjustering 2 - 2018						
Budsjettjusteringer 2 tertial 2018		Auka utg.	Red. utgift	Auka innt	Red. innt.	Merknad
Ansv.	Kontotekst:					
	Drift:					
9 000	Rekneskapsmessig meirf.	5 264 000				
9 000	Auke skatt			3 000 000		
9 000	Red.innt.utjaming	1 200 000				
9 000	Havbruksfond-Tilskot			5 065 000		
2 110	Kaland skule	260 000				
3 100	Auka utg. legektr.	670 000				
3 300	Auke løn Nordlih.	671 000				
6 100	Vatn,avløp og renovasjon		500 000			
6 000	Adm. Teknisk	500 000				
	Sum drift	8 565 000	500 000	8 065 000	-	-
	Investeringar					
	Uteområdet Kaland skole/barnehage	100 000				
	Redusere Kaland 1		100 000			
	Sum investeringar	100 000	100 000	-	-	

25.10.2018 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 077/18 - 25.10.2018 - Vedtak:

Kommunestyret gjer fylgjande endring i budsjett 2018 i budsjettjustering II:

Budsjettjustering 2 - 2018

Budsjettjusteringer 2 tertial 2018						
Ansv.	Kontotekst:	Auka utg.	Red. utgift	Auka innt	Red. innt.	Merknad
Drift:						
9 000	Rekneskapsmessig meirf.	5 264 000				
9 000	Auke skatt			3 000 000		
9 000	Red.innt.utjamning	1 200 000				
9 000	Havbruksfond-Tilskot			5 065 000		
2 110	Kaland skule	260 000				
3 100	Auka utg. legektr.	670 000				
3 300	Auke løn Nordlih.	671 000				
6 100	Vatn,avløp og renovasjon		500 000			
6 000	Adm. Teknisk	500 000				
Sum drift		8 565 000	500 000	8 065 000	-	-
Investeringer						
Uteområdet Kaland skole/barnehage		100 000				
Redusere Kaland 1			100 000			
Sum investeringer		100 000	100 000	-	-	

08.11.2018 KOMMUNESTYRET

Økonomisjef Olav B. Andersen orienterte om budsjettjusteringar per oktober månad.

Andersen la til at ein har teke inn utbytte frå AS Austrheim Næringselskap, som får utbytte frå Mongstad Vekst AS. Revisor har gitt merknad om at dette utbyttet burde vore i kapitalrekneskapen og ikkje i drift, men kommunen treng dette i driftsrekneskapen, og det er ikkje ulovleg å gjera det slik. Det vil komma ein note i rekneskapen på at dette er gjort. Andersen sa at prognosene er at kommunen vil enda på eit overskot på 1,4 millionar, 1,1 dårlegare enn det som var i justert budsjett.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at nedgangen i kommuneøkonomien heng saman med at Austrheim etter tre år med god skatteinngang på meir enn 120 prosent av landsgjennomsnittet (der ein får behalda 40 prosent av det som er mellom 100 og 120 prosent av snittet) miste småkommunetilskotet. Dette skjedde samtidig med nedgangen i oljeprisen og auken i arbeidsløysa. Etter at skatteinngangen gjekk ned fekk Austrheim tilbake småkommunetilskotet, men då var fordelingsnøkkelen endra slik at tilskotet var 2,7 millionar mot tidlegare 5,4. Innsparingane som er gjort tilseier at kommunen skal ha 18,7 færre årsverk i 2019 enn i starten av 2018.

Jorund Stellberg (uavhengig) takka for at det var teke med ein prosentindikator, som no viser at kommunen vil få eit driftsresultat på 1,1 prosent. Stellberg la til at dette bør vera 1,75 prosent.

Stellberg etterlyste at tala vart oppdaterte med langtidsverknader av dei tiltak som alt er sett i verk. Rådmann Liv Løvvik svara at ein ikkje oppdaterer økonomiplan for kommande år før ved vedtak av nytt årsbudsjett.

Reidar Øksnes (Sp) tok opp at ein bør vurdera å endra den politiske organiseringa, ved å gå tilbake til utvalsmodellen. For dette fekk han støtte frå Jorund Stellberg (Uavh), og Stellberg la til at dette må sjåast på våren 2019 slik at det kan vera klart til neste politiske periode (etter valet i 2019).

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det må vera opp til den nye rådmannen å sjå på dette. Rådmann Liv Løvvik sa at ho vil sjå på denne organiseringa, og sjå om ein kan ta det opp før sommaren i 2019. (*Det vart ikkje fremja noko framlegg om dette med endring av politisk organisering/utvalsmodellen*).

Sams for budsjettjusteringa.

KS - 084/18 - 08.11.2018 - Vedtak:

Kommunestyret gjer fylgjande endring i budsjett 2018 i budsjettjustering II. (Samrøystes)

Budsjettjustering 2 - 2018						
Ansv.	Kontotekst:	Auka utg.	Red. utgift	Auka innt	Red. innt.	Merknad
Budsjettjusteringar 2 tertial 2018						
Drift:						
9 000 Rekneskapsmessig meirf.		5 264 000				
9 000 Auke skatt				3 000 000		
9 000 Red.innt.utjamning		1 200 000				
9 000 Havbruksfond-Tilskot				5 065 000		
2 110 Kaland skule		260 000				
3 100 Auka utg. legektr.		670 000				
3 300 Auke løn Nordlih.		671 000				
6 100 Vatn,avløp og renovasjon			500 000			
6 000 Adm. Teknisk		500 000				
Sum drift		8 565 000	500 000	8 065 000	-	-
Investeringar						
Uteområdet Kaland skole/barnehage		100 000				
Redusere Kaland 1			100 000			
Sum investeringar		100 000	100 000	-	-	

**085/18: Godkjenning av detaljregulering for næringsområde og småbåthamn på Langøyna
- del av gnr. 163, planid. 2017005**

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner **Detaljregulering for næringsområde og småbåthamn på Langøyna - del av gnr. 163, planid. 2017005**. Plankart er datert den 01.10.2018 og reguleringsføresegner er datert den 05.10.2018. Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

25.10.2018 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 073/18 - 25.10.2018 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner **Detaljregulering for næringsområde og småbåthamn på Langøyna - del av gnr. 163, planid. 2017005**. Plankart er datert den 01.10.2018 og reguleringsføresegner er datert den 05.10.2018. Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

08.11.2018 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy orienterte om arbeidet med reguleringsplanen, der ein hadde vore i dialogmøte med Fylkesmannen undervegs i planarbeidet.

Reidar Øksnes (Sp) viste til merknadene frå Atle Langøy og Åge Sætre, som begge ville gjera om eksisterande naust til rorbu. Øksnes sa at desse to bør få gjera om naust til rorbu etter dei reglar som gjeld, og ville i tillegg ha med ei presisering om at rorbuen ikkje skal brukast som heilårshytter.

Framlegg frå Reidar Øksnes i Austrheim Sp:

«Austrheim kommunestyre godkjenner at Atle Langøy og Åge Sætre kan gjera om naust til rorbu/hytte. Bygga skal ikkje nyttast til heilårsbustad»

(Øksnes presiserte at siste setning gjeld alle rorbu/hytter, ikkje berre dei som Atle Langøy og Åge Sætre evt. bygger).

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte kva som ville gjelda dersom dei eksisterande nausta er større enn kva storleik det er opna for i reguleringsføreseggnene.

Reidar Øksnes (Sp) sa at Langøy og Sætre eventuelt må halda seg til storleiken som ligg i reguleringsføreseggnene.

Vedtak:

SAMS for framlegget med det tillegget frå Reidar Øksnes

KS - 085/18 - 08.11.2018 - Vedtak:

Samröstes for rådmannen, med tillegg frå Reidar Øksnes (Sp):

Austrheim kommune godkjenner **Detaljregulering for næringsområde og småbåthamn på Langøyna - del av gnr. 163, planid. 2017005**. Plankart er datert den 01.10.2018 og reguleringsføresegner er datert den 05.10.2018. Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

Austrheim kommunestyre godkjenner at Atle Langøy og Åge Sætre kan gjera om naust til rorbu/hytte. Bygga skal ikkje nyttast til heilårsbustad.

086/18: Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste med gebrysatsar for 2019 - Godkjenning

Rådmannen sitt framlegg:

Lokal forskrift med gebrysatsar for teknisk forvaltingsteneste 2019 vert godkjent slik den ligg føre. Gebrysatsane trer i kraft den 01.01.2019.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova §33, Lov om egedomsregistrering (matrikkellova) § 32, Konsesjonslov, forskrift om gebyr heimla i forvaltingslova § 27 a, Forskrift nr. 864 heimla i Lov om eigarseksjonar § 7 og Forskrift nr. 98 heimla i Lov om vern mot forureining § 52 og lov om hamner og farvann § 6.

25.10.2018 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 075/18 - 25.10.2018 - Vedtak:

Lokal forskrift med gebrysatsar for teknisk forvaltingsteneste 2019 vert godkjent slik den ligg føre.
Gebrysatsane trer i kraft den 01.01.2019.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova §33, Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32, Konsesjonslov, forskrift om gebyr heimla i forvaltingslova § 27 a, Forskrift nr. 864 heimla i Lov om eigarseksjonar § 7 og Forskrift nr. 98 heimla i Lov om vern mot forureining § 52 og lov om hamner og farvann § 6.

08.11.2018 KOMMUNESTYRET

Rådmann Liv Løvvik sa at ein framleis ser på dette med gebrysatsar, i samband med budsjettarbeidet, og meir vil vera klart til formannskapet sitt budsjettmøte 22. november.
På bakgrunn av dette sette ordførar Per Lerøy fram framlegg om at saka vert utsett.

KS - 086/18 - 08.11.2018 - Vedtak:

Saka vert utsett. (Samrøystes)
